

## Skriftleg utgreiing om bruk av Gamleskulen med tilbygg.

Me ynskjer ei opprusting av gamleskulen på Eikanger ved å reisa eit tilbygg som kan romma toalett og kjøkken. Noverande bygningen er utan innlagt vatn, og me har no kjøpt oss inn i Eikanger vassverk for vatn og avløp.

Den eldre delen av huset er tenkt brukt til kunstgalleri og kulturkafe med ulike arrangement og kurs. Huset er i slik bruk allereie. Me har gjennom fleire år brukt det til kunstutstillingar, til atelier, til kunstskule for born og unge, til bygdetreff med filmframvisning, til boklansering og fleire andre liknande ting. Huset er tenkt som eit lite kultursenter i Eikangerbygda, der me gjerne også kan nytta naturen og turområdet rundt til eit felles opplevelingstiltak.

For å få ordentlege tilhøve treng me toalett og kjøkken. Det er også tenkt litt plass for enkel servering i tilknytning til kjøkkenet. Me tenkjer oss tilbygget og gamleskulen knytt saman ved å byggja ein gang imellom bygga. Det vert to sjølvstendige bygningar ved sida av kvarandre. Me er opptekne av at huset og tilbygget skal harmonera med kvarandre. Det er me som har teke vare på Gamleskulen gjennom ei årrekke, restaurert det og sett det i brukbar stand. Slik tilbygget er teikna inn vil det vera på 50 m<sup>2</sup> (5 x 10 m). Hjørnet mot Fylkesvegen vil koma 12.6 m frå midten av vegen.



Gamleskulen på Eikanger



Frå skulestova